

MERKNADSSKJEMA

FORSLAGSSTILLAR SINE KOMMENTARAR TIL INNKOMNE MERKNADER, UTTALAR – OFFENTLEG ETTERSYN

Plannamn: Meland kommune, Holme forretningsområde, gnr. 10 bnr. 85 mfl.

PlanID: 125620110004

Dato / revisjonsdato: 15.02.2017

Avsendar	Hovudpunkt i merknaden	Forslagsstillar sin kommentar	Eventuelle forslag til endringar i planen
Meland kommune Ungdomsrådet v/Erik Bouwer Utne Datert: 24.11.2016	<ol style="list-style-type: none"> 1. Stiller seg positiv til arbeidet med ny reguleringsplan. 2. Meiner at ein undergrunn berre vil fungere optimalt dersom dagens moglegheit til å krysse vegen vert sperra av, og at ein bruker sperrer for å leie folk rett veg. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Tas til orientering</i> 2. <i>Ynskje om å setje opp sperre for å hindre kryssing av vegen let seg vanskeleg gjennomføre, då fotgjengarar skal ha tilgang til busshaldeplass på begge sider av vegen her.</i> 	
Meland kommune Råd for menneske med nedsett funksjonsevne v/Anette tangen Fredriksen Datert: 01.12.2016	<ol style="list-style-type: none"> 1. RMF ønskjer å påpeike at det framlagt forslag til gangvegssystem verkar lite hensiktsmessig. Rådet meiner overgang må være på gateplan med brukarstyrt lyssignal. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Løysing med undergang contra lysregulert fotgjengarfelt har vore opp til vurdering fleire gongar i løpet av planprosessen. Statens vegesen har heile tida oppretthaldt kravet om undergang og har også støtte hos fylkeskommune for sitt syn. Det er difor ikkje aktuelt å gjere endringar i planen på dette punktet.</i> 	
Meland kommune Eldrerådet v/Randi Helene Hilland Datert: 01.12.2016	<ol style="list-style-type: none"> 1. Eldrerådet går inn for at det vert lysregulert gangfelt. Eldrerådet er uroa over at det planlagde tiltaket ikkje vert nytta på grunn av kompliserte lange avstandar. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Viser til merknad over.</i> 	
Fylkesmannen i Hordaland v/Jan Vidar Voster Datert: 16.11.2016	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkesmannen har ingen merknader til plan slik han ligg føre. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Tas til orientering</i> 	



Hordaland fylkeskommune v/Hans-Christian Engum Datert: 20.12.2016	1. Fylkeskommunen har ingen vesentlege merknader til planforslaget.	1. <i>Tas til orientering</i>	
Statens vegvesen v/Unn Jenny Utne Kvam Datert: 21.12.2016	1. Viser til saksutgreiinga til kommuneadministrasjonen der dei er kritisk til løysinga med undergang. Med bakgrunn i planframlegg for bompengesøknad for Nordhordalandspakken, der trafiksikringstiltak ved Holme inngår, og avklaringane som har kome i planprosessen, kan ikkje SVV sjå at det er grunnlag for å ta denne problemstillinga opp på nytt. 2. SVV er samd med kommunens tilråing om å redusere talet parkeringsplassar for bil, og heller bruke arealet til andre føremål som bord, benkar, sykkelparkering, tilplanting o.a. Dette gjeld særleg områda SPA2 og SPA3.	1. <i>Tas til orientering.</i> 2. <i>SPA2 vert endra til sykkelparkering. SPA 3 vert oppretthaldt som parkring for næringsareala som har inngang på denne sida av bygget.</i>	
NVE v/Toralf Otnes Datert:08.12.2016	1. Tiltrår at flaumutsatt areal vert markert med faresone flaumfare. 2. Meiner det er naudsynt å legge inn ei tydeleg rekkefølgeføresegn som set krav om gjennomføring av avbøtande tiltak for flaumsikker utbygging, og krav om dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik mot flaum. 3. I staden for å legge nye og større røyr/kulvertar under utbyggingsområdet oppmodar dei om at Meland kommune vurderer å legge sidebekken open i størst	1. <i>Teken til følgje – faresone er teikna inn på kartet.</i> 2. <i>Teken til følgje – det er tatt inn eit rekkefølgekrav om krav til kapasitetsvurdeirng og gjennomføring av avbøtande tiltak for flaumsikker utbygging.</i> 3. <i>Det er sett krav om gjennomføring av ei kapasitetsvurdering av eksisterande kulvertar i planområdet. Det vert ikkje lagt opp til å legge større delar av bekken i røyr enn det som ligg i røyr i dag.</i> 4. <i>Det er tatt inn krav i føresegnene om at kapasitetsvurdering av kulvert skal vert gjennomført før det vert gjeve igangsettingsløyve for nye tiltak i BKB.</i> 5. <i>Det er ikkje lagt opp til tiltak som inneber ytterlegare lukking av bekken.</i>	Sjå pkt 3.3.1, 3.4.1 og 7.2.1 i føresegnene.



	<p>mogleg grad. Opne løysingar reduserer risikoen for tilstopping.</p> <ol style="list-style-type: none">4. Dersom planområdet ligg lågare enn vegen bør det gjennomførast ei kapasitetsvurdering av kulverten under Fv 564. 200 års-flaum med 20 % klimapåslag bør leggest til grunn i ei slik kapasitetsvurdering, og faren for tilstopping må vurderast.5. NVE oppmodar om at det vert valt løysingar som ikkje inneber ytterlegare lukking av bekken.		
<p>Meland kommune Saksframlegg v/Kjersti Møllerup Subba Datert: 25.10.2016</p>	<ol style="list-style-type: none">1. Planen er i tråd med overordna plan og arealbruk, og kommunen støtter foreslått formål.2. Kommunen har ingen merknader til auken i utnyttingsgraden, men tilrår at noko av parkeringsarealet vert vurdert til anna bruk, som for eksempel sykkelparkering, bord, benkar tilplanting mv.3. Kommunen meiner at omlegging av krysset burde vore vurdert i ein annen og seinare prosess, der løysingar kunne vore sett på i ein heilskap. Kommunen vurderer at vegganlegget som undergangen genererer vert eit dårleg alternativ med lange omvegar. For å kome over vegen må fotgjengarane som kjem med buss gå nærare 150 m omveg. Skuleskyss på grunnlag av trafikkfare vil moglegvis falle vekk viss undergangen vert bygd. Det er da sannsynleg at biltrafikken til	<ol style="list-style-type: none">1. <i>Tas til orientering.</i>2. <i>SPA 2 vert omgjort til rein sykkelparkering.</i>3. <i>Løysing med undergang contra lysregulert fotgjengarfelt har vore opp til vurdering fleire gongar i løpet av planprosessen. Statens vegvesen har heile tida oppretthaldt kravet om undergang og har også støtte hos fylkeskommunen for sitt syn. Det er difor ikkje aktuelt å gjere endringar i planen på dette punktet.</i>4. <i>Tas til orientering.</i>5. <i>Dette vert følgt opp i vidare detaljering og utarbeiding av VA-rammeplan.</i>	<p>Sjå pkt pkt 6.4.2 i føresegnene</p>



	<p>skulen vil auke.Fotgjengarundergang bygd med redusert standard gjev ikkje fullgod løysing og er særleg utrygg når fotgjengar og syklist møtes.</p> <p>4. Meiner at evt. kryssing i plan med nedsett fartsgrense må vurderast på nytt i prosessen med Nordhordlandspakken.</p> <p>5. Kommunen har gjennom tiltaksplan planar om å leggje ny avlaupsleidning frå Tveit til Holmeknappen. Det er særst viktig at detaljprosjektering av veganlegget og VA-leidningane knytt til reguleringsplanen skjer gjennom nært samarbeid med kommunen.</p>		
--	--	--	--